



Framlegg til Sogn regionråd 7.12.2018

Handlingsplan 2019

1 Næringsutvikling

Delmål

**Etablering av nye og vekst i eksisterande private og offentlege verksemdar i regionen.
Regionen skal ha eit samhandlande og koordinert næringsapparat.**

1.1 Statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar

Strategi

Bygge politisk og administrativ kunnskap og kapasitet til å drive påverknadsarbeid og strategiutvikling.

Prosjekt/tiltak

Utarbeida ein felles strategi for å behalda og få tilført fleire fylkeskommunale og statlege arbeidsplassar.

1.2 Lønsamt reiseliv heile året

Strategi

Støtte destinasjonsselskapet Visit Sognefjord AS som verktøy for reisemålsutvikling i regionen.
Pådrivar for betre samferdsle.

Prosjekt/tiltak

Støtte internasjonal og nasjonal marknadsføring av Sognefjorden og reiselivsprodukta i Sogn.

I samarbeid med Visit Sognefjord utvikla rutetilbodet for Sognebåten og ei heilårsrute med start /stopp Flåm

Støtte arbeidet med utarbeiding av masterplan for Sogn 2020-2035 og arbeidet med kvalifisering av merket for berekraftig destinasjon for Sogn, som er ein integrert del av masterplanarbeidet. Sogn regionråd er prosjekteigar. Visit Sognefjord er prosjektansvarleg.

Støtte Visit Sognefjord sitt sykkelprosjekt i regionen.

Arbeida for heilårs reiseliv.

1.3 Grøn næringsutvikling

Strategi

Tilretteleggja for at næringsnettverket og bedriftene samarbeider og byggjer kunnskap om moglegheiter innanfor det grønne skiftet.

Etablere bransjeuavhengige temabaserte møteplassar for auka innovasjon og verdiskaping i regionen.

Etablere akkvisisjonsstrategi der regionen har fortrinn og det er naturleg at ein er eller kan bli sterke.

Tiltak

Støtte prosjekt for utgreiing om bruk av miljøteknologi i klimatilpassingsarbeidet som eit mogleg nytt satsingsområde i Sogn.

1.4 Identitet og samarbeid

Strategi

Styrke samarbeidet mellom kommunane, næringsliv, forskingsmiljø, høgskulen, utdanningsinstitusjonar og andre aktørar for å fremje regional utvikling.

Rådet skal vera aktiv overfor sentrale og regionale styresmakter, byggja alliansar og delta i interessefellesskap for å ivareta og styrke Sogn sine interesser.

Prosjekt/tiltak

Delta i nettverk på tvers av sektorar som samlar bedrifter og organisasjonar i Sogn for kunnskapsdeling, utvikla nye prosjekt og kommuneoverskridande tiltak.

Støtte prosjekt om utvikling av felles merkevare i Sogn.

Sikra politisk forankring av regionrådet sine satsingar og samarbeid til eigen kommune. Bringa inn relevante saker frå kommunane til regionrådet.

Dialog med andre regionar om felles interesser i nye Vestland fylkeskommune.

2 Attraktiv buregion

Delmål

Sogn skal vera ein attraktiv buregion og skal lukkast med auka tilflytting og rekruttering til regionen.

Felles profilering og merkevarebygging for å skape bulyst og vere ein livskraftig region.

Styrka felles regional identitet og samstundes byggje eit positivt omdømme utad.

2.1 Tilflytting og rekruttering

Strategi

Vidareutvikle omdømme og bulyst i regionen, og formidla dei gode historiene.

Profilere Sogn som felles bu- og arbeidsmarknadsregion med fortrinna dei ulike stadene kan tilby og bli meir synlege og profesjonelle i tilflyttings- og rekrutteringsarbeidet.

Involvere innbyggjarane, ungdommane og studentane i arbeidet med å gjera regionen meir attraktiv for tilflytting og busetjing.

Prosjekt/tiltak

Støtte karrieremessene i regi av Framtidsfylket.

Koordinera kommunane si deltaking med felles profileringsmateriell og felles regionstand på Framtidsfylket sine karrieremesser.

Koordinera felles arrangement i forkant av karrieremessa for å få fram karrieremoglegheitene i kommunen som organisasjon.

Formidla dei gode historiene til Framtidsfylket slik at Sogn blir profilert og synleg på deira nettside.

2.2 Bustadutvikling

Strategi

Iverksetja vedteken bustadstrategi for Sogn 2017-2019.

Prosjekt/tiltak

Gjennomføra prosjekt for bustadutvikling i Sogn med desse tiltaka:

- Setja kommunane i stand til å avdekke sitt konkrete bustadbehov og etablera rutinar, organisering og planarbeid for å dekke behovet.
- Koordinera nettverk mellom kommunane for å løysa dei utfordringane som er felles.
- Leggja til rette for val av verkemiddel i offentleg-privat samarbeid og leggja til rette for avgjerd på kva som høver for sogneregionen og for den enkelte kommune.
- Bidra i arbeidet for felles informasjon om bustad, arbeid og service i Sogn.
- Arrangera seminar om bukvalitet og buformer for kommunane og næringslivet.

Gjennomføre evaluering av prosjektet og kome med framlegg til vidare arbeid.

2.3 Integrering og inkludering

Strategi

Pådrivar for eit godt utdanningstilbod for personar med minoritets-/innvandringsbakgrunn tilpassa kommunane og næringslivet sine behov

Medverke til at aktørane i inkluderingsarbeidet samarbeider i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion

Prosjekt/tiltak

Samarbeide for å styrka sysselsetjinga blant innvandrarak og flyktningar for betre inkludering i lokalsamfunnet.
Arrangera arbeidsseminar for kommunane, næringsliv og frivillig sektor og vera pådrivar for regionalt samarbeid og utviklingsarbeid.

3 Kompetanse

Delmål

Auka læringsutbytte for alle, gjennom styrka tilpassa opplæring og redusert bruk av spesialundervisning.
Sogn skal ha eit attraktivt skule- og utdanningstilbod som styrkar samfunnsutviklinga og sikrar verksemdene sine behov.

3.1 Regionalt program for barnehage- og skuleutvikling

Strategi

Sogn regionråd vidarefører det regionale programmet for barnehage- og skuleutvikling System for styrka læring 2013-2021.

Prosjekt/tiltak

Gjennomføre handlingsplan 2019 for System for styrka læring vedteken i Sogn regionråd mellom anna
-Entreprenørskapsmesse for ungdomsskuleelevene i Aurland 24. april 2019.
-Grunnopplæring om psykisk helse til alle som arbeider i barnehage og skule, jf Regional plan for arbeidet for god psykisk helse hjå barn og unge.
-Gjennomføre KLAPP på skular – KLAPP er eit kompetansebyggjande tiltak for heile personalet der det vert forska på korleis opplæringa fungerer.

3.2 Vidaregåande opplæring og fagkompetanse til verksemdene

Strategi

Stå samla om og utvikle dei vidaregåande skulane regionen har i dag.
Medverka til at tilbodet ved vidaregåande opplæring og høgskulen sikrar næringsliv og offentlege verksemder sine behov og samsvarer med ungdomane og utdanningssøkjande sine ønske.
Gjennom partnerskapen med NHO, LO og fylkeskommunen medverka til fleire læreplassar i kommunane og i private verksemder.

Prosjekt/tiltak

Medverka til at tiltaka i partnerskapsavtale for fleire læreplassar i Sogn for 2019 blir gjennomført mellom anna:
- Temaet blir sett på dagsorden i regionrådet og oppmoda om at kommunane tek opp temaet i sine nettverk og samarbeidsfora.

- Kommunane arbeider for å nå målet om 2,5 lærling pr tusen innbyggjar.
 - Oppmoda bedriftene om å ta inn lærlingar
 - Styrka omdømme og bidra til statusheving for yrkesfagleg utdanning.
- Initiera ei vidareføring av partnerskapsavtalen frå 2020.

3.3 Høgare utdanning

Prosjekt/tiltak:

Vidareutvikle samarbeidet med høgare utdanningsinstitusjonar og arbeids- og næringsliv.

4 Samferdsle

Delmål

Næringsliv og innbyggjarar skal ha god infrastruktur.

Reisetida til regionsenteret skal vera maksimalt 45 minutt.

Strategi

Gjennomføre samferdsleplanen for 2016-2018, som blir vidareført til 2019.

Prosjekt/tiltak

Gjennomføre handlingsplanen innan samferdsle for 2019:

- Flyruter
- Sognebåten
- Aust-vestsambandet rv 52
- Vikafjellstunnel
- Ferjesambandet Hella-Vangsnes-Dragsvik
- Breiband
- Fv 55
- Kollektivtransport – buss

Satsing	Prosjekt/tiltak 2019	Tid	Budsjett	Ansvar
Næringsutvikling	1) Utarbeida ein felles strategi for å behalda og få tilført fleire fylkeskommunale og statlege arbeidsplassar	2019	100 000	Sogn regionråd (SR)
	2) Støtte internasjonal og nasjonal marknadsføring av Sognefjorden og reiselivsprodukta i Sogn	2019	250 000	SR
	3) I samarbeid med Visit Sognefjord utvikla rutetilbodet for Sognebåten og ei heilårsrute med start /stopp Flåm	2016-2019		
	4) Støtte arbeidet med utarbeiding av masterplan for Sogn 2020-2035 og arbeidet med kvalifisering av merket for berekraftig destinasjon for Sogn, som er ein integrert del av masterplanarbeidet. Sogn regionråd er prosjekteigar. Visit Sognefjord er prosjektansvarleg.	2017-2019		SR/Visit Sognefjord
	5) Arbeida for heilårs reiseliv.	2019		SR/ næringsgruppa
	6) Støtte prosjekt for utgreiing om bruk av miljøteknologi i klimatilpassingsarbeidet som eit mogleg nytt satsingsområde i Sogn.	2019	100 000	SR
	7) Delta i nettverk på tvers av sektorar som samlar bedrifter og organisasjonar i Sogn for kunnskapsdeling, utvikla nye prosjekt og kommuneoverskridande tiltak.	2019		
	8) Støtte prosjekt om utvikling av felles merkevare i Sogn	2019	100 000	SR
	9) Sikra politisk forankring av regionrådet sine satsingar og samarbeid til eigen kommune. Bringa inn relevante saker frå kommunane til regionrådet.	2019		SR
	10) Dialog med andre regionar om felles interesser i nye Vestland fylkeskommune	2019		SR
Attraktiv buregion	1) Støtte karrieremessene i regi av Framtidsfylket, koordinera deltakinga og felles arrangement i forkant av messa	2019	120 000	SR
	2) Formidla dei gode historiene	2019	30 000	SR
	3) Gjennomføra prosjekt for bustadutvikling i Sogn for å etablera rutinar og organisering, koordinera nettverk mellom kommunane og leggja til rette for val av verkemiddel for offentleg-privat samarbeid, og bidra i arbeidet for felles informasjon om bustad, arbeid og service i Sogn.	2017-2019	150 000	SR/prosjektlear
	a) Arrangera seminar om bukvalitet og buformer for kommunane og næringa b) Evaluera prosjektet.		80 000	SR/prosjektlear
4) Samarbeide for å styrka sysselsetjinga blant innvandrarar og flyktningar for betre integrering. Arrangere arbeidsseminar for kommunane, næringsliv og frivillig sektor. Vera pådrivar for regionalt samarbeid og utviklingsarbeid.	2018-2019	170 000	SR	
Kompetanse	1) Gjennomføre handlingsplan 2019 for System for styrka læring	2013-2021	3 858 000	SR/ andre
	2) Medverka til at tiltaka i partnerskapsavtale for fleire læreplassar i Sogn for 2019 blir gjennomført og initiera ei vidareføring av partnerskapsavtalen frå 2020.	2016-2019		SR /partnarane
	3) Vidareutvikle samarbeidet med høgare utdanningsinstitusjonar og arbeids- og næringsliv	2019		SR
Samferdsle	1) Gjennomføra samferdsleplanen for 2019	2019		SR /samferdslegruppa